Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentarar:

Vindafjord kommune kan i 2012 vise til eit godt økonomisk resultat for fjerde år på rad. Årsakene til dette er samansette. Noko skuldast stram og god økonomistyring, og at ein har lagt opp til eit tenestenivå i samsvar med den økonomiske stoda. Ein annan viktig grunn til det gode resultat, er gunstige rammevilkår på enkelte område. Høg aktivitet i næringslivet, høg sysselsetting og lågt rentenivå bidrar sterkt til dette. Det er avgjerande at ein har eit godt grep om økonomistyringa framover. Det er store investeringsprosjekt under planlegging, og gjennomføring av desse er avhengig av at ein har tilstrekkeleg eigenfinansiering.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har avlagt si revisjonsmelding. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Vindafjord kommune per 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor sitt årsoppgjersbrev vil bli lagd fram i møte.

Notatet, saman med meldinga frå revisor, dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på noko av det revisjonen tar opp i årsoppgjersbrevet. Sekretariatet vil gjere framlegg om at det vert gjort.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orientering gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre/ med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

Aksdal, 08.05.13



Odd Gunnar Høie
Utvælssekretær

Til kommunestyret i Vindafjord

Kontrollutvalet sin uttale om Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2012

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 15.05.13, sak 08/13 handsama Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2012.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjerdsbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor, rådmann og rekneskapsansvarleg supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,8 mill.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 33,6 mill. kr, og at delar av dette er nytta til avsettingar.


Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2012.


Ølen, 15.05.13

Øyvind Haraldseid
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet



Årsrekneskap 2012



Innhald

Side

Innleiing	4
Revisjonsmelding	5
Hovudoversikt	
• Drift	7
• Investering	8
• Anskaffelse og anvendelse av midler	9
• Balanse	10
• Rekneskapsskjema 1A – drift	11
• Rekneskapsskjema 2A – investering	11
• Budsjettsskjema 1B – drift	12
• Budsjettsskjema 2B – investering	12
Noter	
• Note 1 Kasse og bank	13
• Note 2 Renter og utbytte	13
• Note 3 Pensjonar	14
• Note 4 Uteståande fordringar	15
• Note 5 Utlån	15
• Note 6 Eigedomar, anlegg, utstyr og transportmidlar	16
• Note 7 Fond	17
• Note 8 Skatt og avgift	18
• Note 9 Arbeidskapital	18
• Note 10 Sjølvkostområde	19
• Note 11 Langsiktig gjeld	19
• Note 12 Minste tillate avdrag	19
• Note 13 Stillingsoversyn	19
• Note 14 Garantiansvar	20
• Note 15 Aksjer og andeler	20
• Note 16 Kapitalkonto	21
• Note 17 Udekkja i investeringsrekneskapet	22
• Note 18 Rekneskapsprinsipp	23
• Note 19 Investeringsrekneskapet – finansiering	24
Detaljer drift	
• Driftsbudsjettet – Overordna finans etter ansvar 1001	27
• Driftsbudsjettet – Fordelt etter rammeområda	28
• Driftsbudsjettet – Fordelt etter rammeområda og dei enkelte einingane	29
Balanserekneskapen - detaljert	30



Innleiing

Med dette blir årsrekneskapet for Vindafjord kommune for 2012 lagt fram. Kommunen sitt rekneskapsmessige driftsresultat syner eit overskot på kr 3 806 706,-. Dette er betre enn forventa, og over dei prognosane ein har rapportert om undervegs. Netto driftsresultat er kr 33 676 209,-. Dette gir eit netto driftsresultat på 5,59 % av driftsinntektene. Dette er godt over den rettleiande grensa på 3%.

Vindafjord kommune hadde i utgangspunktet eit driftsbudsjett i balanse. Dei viktigaste årsakene til at rekneskapet ved årsslutt viser mindreforbruk, er fleire. På inntektssida har ein hatt høgare skatteinngang enn prognosane har vist. Dette er rapportert i tertialrapportane gjennom året, og forventa meirinntekter har hovudsakleg blitt avsett til fond. Siste kvartal av 2012 auka dei statlege overføringa ytterlegare. Inntekter frå eigedomsskatten er noko lågare enn forventa. Rentenivået er framleis lågt, og gir innsparing på renteutgifter på kommunale lån. Samstundes har det låge rentenivået gitt sviktande inntekter i rentekompensasjonsordningane for skule- og omsorgsbygg. Likviditeten er god og kommunen sin bankavtale gir god avkastninga på innskoten kapital. Momskompensasjons-ordninga ha gitt noko mindre inntekter enn budsjettert, noko som skuldast lågare investeringstakt enn budsjettert. Av same grunn er det overført mindre til investeringsrekneskapet. I tråd med praksis frå føregåande rekneskapsår, har ein sett av midler til pensjonsfond. Dette gir kommunen ein buffer i høve til å kunne handtere den komande veksten i pensjonsutgifter.

Drifta i einingane har totalt sett gitt overskot i høve til budsjett på om lag 5 mill kroner. Dette skuldast særleg meirinntekter innan Helse- og sosialomsorg, knytta til refusjonsordninga for ressurskrevande brukarar. Samstundes er det stort overforbruk innan pleie og omsorg. Det er iverksett tiltak relatert til det. Den øvrige drifta innan rammeområdet viser mindreforbruk. Innan Administrasjon og fellesdrift er det samla sett balanse, men med eit lite overforbruk knytta til lokal seniorpolitikk. Oppvekst og kultur hadde noko meirforbruk innan barnehage grunna utfordringar gjennom året som ein ikkje greidde å dekke innan ramma. Alle skulane leverte mindreforbruk. Kultur, PPT og overordna skule- og barnehage-teneste bidrog også til at rammeområdet likevel viste mindreforbruk ved årsslutt. Innan Forsyningsverksemdene har ein hatt meirforbruk på vedlikehald av vegar og bygg/anlegg. Areal og forvaltning har hatt mindreforbruk grunna planarbeid som ikkje har kome i gang. Dette skuldast mellom anna utfordringar knytta til bemanningssituasjonen. Generelt kan ein sei at drifta er stram og gir lite rom for uforutsette hendingar. Samstundes kan ein få situasjonar der budsjettert tenesteproduksjon fell vekk grunna endra føresetnader.

Det er foretatt ein god del interne finanstransaksjonar i rekneskapsavslutninga. Mykje av dette skriv seg frå disponering av rekneskapsmessig resultat i 2011. Elles er det foretatt fondsbruk og avsetningar i tråd med budsjett- og salderingsvedtak, i tillegg til fondsbruk og avsetningar heimla i lov eller forskrift.

Når det gjeld investeringsrekneskapet, syner dette ei udekka finansiering på kr 845 856,-. Dette skuldast overskridingar på utbygging av Lio-feltet i Vikebygd. Inndekning av overskridingane vil ein koma tilbake til i samband med handsaming av rekneskapet i Kommunestyret.

Vindafjord kommune har fleire år på rad hatt gode årsresultat. Rekneskapsmessig mindreforbruk har då blitt disponert til fondsavsetningar og inndekning av udekka finansiering av investeringsprosjekt. Ein vil foreslå det same for 2012.

Ølen, den 15. februar 2013

Ove Eidsheim
økonomisjef



Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Justert budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	20.178.524,00	18.752.682,00	17.723.221,00	19.192.965,30
Andre salgs- og leieinntekter	49.610.520,56	45.402.819,00	44.771.319,00	46.901.086,78
Overføringer med krav til motytelse	66.367.969,28	60.324.429,00	56.397.657,00	73.093.052,23
Rammetilskudd	222.569.767,00	229.781.000,00	232.307.000,00	209.259.124,00
Andre statlige overføringer	9.807.599,00	5.015.604,00	4.343.604,00	6.693.514,00
Andre overføringer	2.388.000,00	60.000,00	60.000,00	1.877.000,00
Skatt på inntekt og formue	215.356.866,51	204.070.000,00	196.044.000,00	198.573.651,03
Eiendomsskatt	15.777.515,72	16.960.000,00	15.460.000,00	13.133.603,48
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	602.056.762,07	580.366.534,00	567.106.801,00	568.723.996,82
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	316.987.267,35	316.669.129,00	314.014.850,00	303.577.696,49
Sosiale utgifter	81.951.357,00	85.121.220,00	84.184.268,00	77.572.234,65
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	65.420.785,21	67.761.238,00	65.052.196,00	67.814.762,05
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	50.755.132,76	48.846.729,00	57.444.937,00	43.679.321,45
Overføringer	37.966.144,73	26.778.237,00	13.942.550,00	27.456.789,10
Avskrivninger	16.519.551,00	15.500.000,00	15.500.000,00	15.546.281,00
Fordelte utgifter	0,00	-383.520,00	-489.000,00	0,00
Sum driftsutgifter	569.600.238,05	560.293.033,00	549.649.801,00	535.647.084,74
Brutto driftsresultat	32.456.524,02	20.073.501,00	17.457.000,00	33.076.912,08
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	14.915.815,43	10.360.000,00	10.310.000,00	11.383.602,28
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	8.000,00	550.000,00	550.000,00	8.000,00
Sum eksterne finansinntekter	14.923.815,43	10.910.000,00	10.860.000,00	11.391.602,28
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	12.676.484,69	13.369.000,00	15.369.000,00	12.634.534,32
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	17.547.196,00	17.535.000,00	17.535.000,00	15.663.104,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	30.223.680,69	30.904.000,00	32.904.000,00	28.297.638,32
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-15.299.865,26	-19.994.000,00	-22.044.000,00	-16.906.036,04
Motpost avskrivninger	16.519.551,00	15.500.000,00	15.500.000,00	15.546.281,00
Netto driftsresultat	33.676.209,76	15.579.501,00	10.913.000,00	31.717.157,04
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	8.086.529,00	0,00	0,00	16.184.501,00
Bruk av disposisjonsfond	3.338.507,00	2.939.100,00	527.000,00	5.083.892,00
Bruk av bundne fond	3.937.576,48	542.399,00	200.000,00	1.764.956,01
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	15.362.612,48	3.481.499,00	727.000,00	23.033.349,01
Overført til investeringsregnskapet	16.209.737,05	11.440.000,00	11.440.000,00	23.458.268,18
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	7.981.111,00	4.511.000,00	0,00	9.097.795,31
Avsatt til bundne fond	21.041.267,90	3.110.000,00	200.000,00	14.107.913,57
Avsatt til likviditetsreserven	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	45.232.115,95	19.061.000,00	11.640.000,00	46.663.977,06
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	3.806.706,29	0,00	0,00	8.086.528,99



Økonomisk oversikt - investering	Regnskap	Justert budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	5.529.538,10	3.000.000,00	3.000.000,00	4.246.073,85
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motytelse	19.814.472,94	346.000,00	346.000,00	19.365.702,67
Statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	25.344.011,04	3.346.000,00	3.346.000,00	23.611.776,52
Utgifter				
Lønnsutgifter	1.046.580,54	1.400.000,00	1.400.000,00	1.155.221,91
Sosiale utgifter	250.966,96	435.000,00	435.000,00	256.835,62
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	31.791.403,99	45.364.000,00	45.364.000,00	58.178.591,88
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	441.715,40	1.000.000,00	1.000.000,00	205.724,60
Overføringer	6.895.471,20	7.546.000,00	7.546.000,00	16.572.058,69
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordeelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	40.426.138,09	55.745.000,00	55.745.000,00	76.368.432,70
Finanstransaksjoner				
Avdrag på lån	2.939.112,33	0,00	0,00	934.299,17
Utlån	3.834.000,00	0,00	0,00	3.239.000,00
Kjøp av aksjer og andeler	1.090.657,00	0,00	0,00	1.145.042,00
Dekning av tidligere års udekket	4.571.345,00	0,00	0,00	7.763.388,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	1.737.581,00	0,00	0,00	3.538.064,00
Avsatt til bundne investeringsfond	9.175.916,00	0,00	0,00	11.784.501,00
Avsatt til likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	23.348.611,33	0,00	0,00	28.404.294,17
Finansieringsbehov	38.430.738,38	52.399.000,00	52.399.000,00	81.160.950,35
Dekket slik:				
Bruk av lån	13.955.849,00	37.000.000,00	37.000.000,00	43.735.328,00
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	939.112,33	0,00	0,00	934.299,17
Overført fra driftsbudsjettet	16.209.737,05	11.440.000,00	11.440.000,00	23.458.268,18
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	390.000,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne driftsfond	4.968.976,00	0,00	0,00	6.542.931,00
Bruk av ubundne investeringsfond	1.121.208,00	3.959.000,00	3.959.000,00	1.645.779,00
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	37.584.882,38	52.399.000,00	52.399.000,00	76.316.605,35
Udekket/udisponert	-845.856,00	0,00	0,00	-4.844.345,00



	Regnskap	Justert budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
Anskaffelse og anvendelse av midler				
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	602.056.762,07	580.366.534,00	567.106.801,00	568.723.996,82
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	25.344.011,04	3.346.000,00	0,00	23.611.776,52
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	29.818.776,76	47.910.000,00	10.860.000,00	56.061.229,45
Sum anskaffelse av midler	657.219.549,87	631.622.534,00	577.966.801,00	648.397.002,79
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	553.080.687,05	545.173.553,00	534.588.801,00	520.100.803,74
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	40.426.138,09	55.745.000,00	0,00	76.368.432,70
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	38.087.450,02	30.904.000,00	32.904.000,00	33.615.979,49
Sum anvendelse av midler	631.594.275,16	631.822.553,00	567.492.801,00	630.085.215,93
Anskaffelse - anvendelse av midler				
Endring i ubrukte lånemidler	25.625.274,71	-200.019,00	10.474.000,00	18.311.786,86
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	27.962.213,50	0,00	0,00	-8.417.439,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	53.587.488,21	-200.019,00	10.474.000,00	9.894.347,86
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	48.313.927,19	7.621.000,00	200.000,00	54.378.190,87
Bruk av avsetninger	21.842.796,48	7.440.499,00	727.000,00	31.222.059,01
Til avsetning senere år	845.856,00	0,00	0,00	4.844.345,00
Netto avsetninger	25.625.274,71	180.501,00	-527.000,00	18.311.786,86
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	34.252.651,11	28.273.000,00	16.633.000,00	40.703.843,06
Interne utgifter mv	34.252.651,11	27.889.480,00	27.584.000,00	40.703.843,06
Netto interne overføringer	0,00	383.520,00	-10.951.000,00	0,00



BALANSE	Regnskap 2012	Regnskap 2011
EIENDELER		
Anleggsmidler	1.196.869.438,16	1.147.070.647,49
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	601.831.837,35	595.311.906,35
Utstyr, maskiner og transportmidler	9.422.823,50	9.811.256,50
Utlån	49.268.074,31	46.381.186,64
Konserninterne langsiktige fordringer	0,00	0,00
Aksjer og andeler	25.147.121,00	24.056.464,00
Pensjonsmidler	511.199.582,00	471.509.834,00
Omløpsmidler	244.796.155,15	182.260.850,19
Herav:		
Kortsiktige fordringer	47.104.463,01	35.848.705,12
Konserninterne kortsiktige fordringer	0,00	0,00
Premieavvik	25.477.397,00	14.306.402,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	48.478.402,00	40.689.442,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	123.735.893,14	91.416.301,07
SUM EIENDELER	1.441.665.593,31	1.329.331.497,68
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	272.453.325,69	246.690.513,98
Herav:		
Disposisjonsfond	47.638.783,63	43.367.979,63
Bundne driftsfond	31.571.326,60	21.496.466,18
Ubundne investeringsfond	15.438.476,38	8.072.103,38
Bundne investeringsfond	16.826.582,00	12.495.011,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	8.102.000,00	8.102.000,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	3.806.706,64	8.086.529,35
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	-2.436.576,00	-6.182.715,00
Likviditetsreserve	0,00	0,00
Kapitalkonto	151.506.026,44	151.253.139,44
Langsiktig gjeld	1.076.522.465,00	997.014.347,83
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	673.713.660,00	618.464.540,00
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	69.000.000,00
Andre lån	402.808.805,00	309.549.807,83
Konsernintern langsiktig gjeld	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld	92.689.802,62	85.626.635,87
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	92.689.802,62	85.626.635,87
Konsernintern kortsiktig gjeld	0,00	0,00
Premieavvik	0,00	0,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	1.441.665.593,31	1.329.331.497,68
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	55.069.367,14	19.594.492,64
Herav:		
Ubrukte lånemidler	39.259.825,14	11.297.611,64
Ubrukte konserninterne lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	15.809.542,00	8.296.881,00
Motkonto til memoriakontiene	-55.069.367,14	-19.594.492,64



Oversikt endring arbeidskapital

	Regnskap 2012	Regnskap 2011
OMLØPSMIDLER		
Endring betalingsmidler	32.319.592,07	17.067.998,83
Endring ihendehaverobl og sertifikater	7.788.960,00	545.534,00
Endring kortsiktige fordringer	11.255.757,89	-9.175.579,94
Endring premieavvik	11.170.995,00	-672.566,00
Endring aksjer og andeler	0,00	0,00
ENDRING OMLØPSMIDLER (A)	62.535.304,96	7.765.386,89
KORTSIKTIG GJELD		
Endring kortsiktig gjeld (B)	-7.063.166,75	2.211.071,97
ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)	55.472.138,21	9.976.458,86

	Regnskap	Justert budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
Regnskapsskjema 1A - drift				
Skatt på inntekt og formue	215.356.866,51	204.070.000,00	196.044.000,00	198.573.651,03
Ordinært rammetilskudd	222.569.767,00	229.781.000,00	232.307.000,00	209.259.124,00
Skatt på eiendom	15.777.515,72	16.960.000,00	15.460.000,00	13.133.603,48
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre generelle statstilskudd	9.807.599,00	5.015.604,00	4.343.604,00	6.693.514,00
Sum frie disponible inntekter	463.511.748,23	455.826.604,00	448.154.604,00	427.659.892,51
Renteinntekter og utbytte	14.915.815,43	10.360.000,00	10.310.000,00	11.383.602,28
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	12.676.484,69	13.369.000,00	15.369.000,00	12.634.534,32
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	17.547.196,00	17.535.000,00	17.535.000,00	15.663.104,00
Netto finansinnt./utg.	-15.307.865,26	-20.544.000,00	-22.594.000,00	-16.914.036,04
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	7.981.111,00	4.511.000,00	0,00	9.097.795,31
Til bundne avsetninger	21.041.267,90	3.110.000,00	200.000,00	14.107.913,57
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	8.086.529,00	0,00	0,00	16.184.501,00
Bruk av ubundne avsetninger	3.338.507,00	2.939.100,00	527.000,00	5.083.892,00
Bruk av bundne avsetninger	3.937.576,48	542.399,00	200.000,00	1.764.956,01
Netto avsetninger	-13.659.766,42	-4.139.501,00	527.000,00	-172.359,87
Overført til investeringsregnskapet	16.209.737,05	11.440.000,00	11.440.000,00	23.458.268,18
Til fordeling drift	418.334.379,50	419.703.103,00	414.647.604,00	387.115.228,42
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	418.334.379,50	419.703.103,00	414.647.604,00	387.115.228,42
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00

	Regnskap	Justert budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
Regnskapsskjema 2A - investering				
Investeringer i anleggsmidler	40.426.138,09	55.745.000,00	55.745.000,00	76.368.432,70
Utlån og forskutteringer	4.924.657,00	0,00	0,00	4.384.042,00
Avdrag på lån	2.939.112,33	0,00	0,00	934.299,17
Avsetninger	15.484.842,00	0,00	0,00	23.085.953,00
Årets finansieringsbehov	63.774.749,42	55.745.000,00	55.745.000,00	104.772.726,87
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	13.955.849,00	37.000.000,00	37.000.000,00	43.735.328,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	5.529.538,10	3.000.000,00	3.000.000,00	4.246.073,85
Tilskudd til investeringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	20.753.585,27	346.000,00	346.000,00	20.300.001,84
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	40.238.972,37	40.346.000,00	40.346.000,00	68.281.403,69
Overført fra driftsregnskapet	16.209.737,05	11.440.000,00	11.440.000,00	23.458.268,18
Bruk av avsetninger	6.480.184,00	3.959.000,00	3.959.000,00	8.188.710,00
Sum finansiering	62.928.893,42	55.745.000,00	55.745.000,00	99.928.381,87
Udekket/udisponert	-845.856,00	0,00	0,00	-4.844.345,00



	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Regnskap 2010
Budsjettskjema 1B - drift			
Skatt på inntekt og formue	204.070.000,00	184.444.000,00	197.199.998,65
Ordinært rammetilskudd	229.781.000,00	219.802.000,00	147.125.687,00
Skatt på eiendom	16.960.000,00	12.986.000,00	13.251.963,50
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0,00	0,00
Andre generelle statstilskudd	5.015.604,00	4.890.000,00	28.473.214,00
Sum frie disponible inntekter	455.826.604,00	422.122.000,00	386.050.863,15
Renteinntekter og utbytte	10.360.000,00	10.525.000,00	11.161.702,56
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	13.369.000,00	12.425.000,00	12.130.935,89
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	17.535.000,00	15.355.000,00	13.879.966,00
Netto finansinnt./utg.	-20.544.000,00	-17.255.000,00	-14.849.199,33
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	4.511.000,00	4.084.297,00	24.857.107,00
Til bundne avsetninger	3.110.000,00	301.000,00	12.034.779,55
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	0,00	0,00	22.372.325,02
Bruk av ubundne avsetninger	2.939.100,00	1.780.000,00	2.905.209,00
Bruk av bundne avsetninger	542.399,00	806.096,00	5.028.478,33
Netto avsetninger	-4.139.501,00	-1.799.201,00	-6.585.874,20
Overført til investeringsbudsjettet	11.440.000,00	9.725.000,00	3.760.314,85
Til fordeling drift	419.703.103,00	393.342.799,00	360.855.474,77
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	419.703.103,00	393.342.799,00	360.855.474,77
Mer/mindreforbruk	0,00	0,00	0,00
	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Regnskap 2010
Budsjettskjema 2B - investering			
Investeringer i anleggsmidler	55.745.000,00	43.975.000,00	59.003.437,41
Utlån og forskutteringer	0,00	0,00	4.169.928,00
Avdrag på lån	0,00	400.000,00	278.938,00
Avsetninger	0,00	8.000.000,00	5.000.749,00
Årets finansieringsbehov	55.745.000,00	52.375.000,00	68.453.052,41
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	37.000.000,00	29.000.000,00	43.546.753,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	3.000.000,00	12.000.000,00	1.449.552,00
Tilskudd til investeringer	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	346.000,00	400.000,00	8.538.863,56
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	40.346.000,00	41.400.000,00	53.535.168,56
Overført fra driftsbudsjettet	11.440.000,00	9.725.000,00	3.760.314,85
Bruk av avsetninger	3.959.000,00	1.250.000,00	6.642.489,00
Sum finansiering	55.745.000,00	52.375.000,00	63.937.972,41
Udekket/udisponert	0,00	0,00	-4.515.080,00



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til kommunestyret i Vindafjord kommune

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 07.05.13
Journalført: 13/189/og
Arkivkode: 210

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Vindafjord kommune som viser kr 418 334 380 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på 3 806 706. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Vindafjord kommune per 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Alta	Knarvik	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Strøme
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnsnes	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Røros	Ålesund
Hamar	Sandefjord	

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 26. april 2013

KPMG AS

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

Kopi:

Kontrollutvalet

Formannskapet

Rådmannen

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.05.13	09/13
Kommunestyret	10.06.13	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

RAPPORT FRÅ FORVALTNINGSREVISJON – ØYANE ASVO AS

Vedlegg: Rapport frå forvaltningsrevisjon av Øyane Asvo AS – utarbeida av KPMG

Bakgrunn:

I ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2016 er Øyane Asvo tatt inn som prioritert prosjekt i både Vindafjord og Etne kommune.

Vindafjord kommunestyre gjorde på møte den 11.09.12, sak 62/12 om kapitaltilførsel til Øyane Asvo AS mellom anna følgjande vedtak:

5. Kommunestyret ber kontrollutvalet gå gjennom drifta av selskapet.

Kontrollutvalet i Vindafjord starta hausten 2012 ein prosess for å gjennomføra ein slik gjennomgang av drifta til Øyane Asvo AS. Etne kontrollutval vart bedne om å delta og dele kostnadane 50/50 i samsvar med ny eigarstruktur.

KPMG vart bedne om å laga ein prosjektplan for å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon av selskapet. Prosjektplanen vart motteken av sekretariatet den 13.11.12. Utifrå denne gjorde Vindafjord kontrollutval følgjande vedtak i møte 03.10.12, sak 28/12:

Kontrollutvalet i Vindafjord tingar ein forvaltningsrevisjon av Øyane ASVO AS i fylgje vedlagte prosjektplan, frå KPMG AS.

Prosjektet skal gjerast innafor ei tidsrame på maksimalt 200 timar og ferdigstillast innan utgangen av april 2013. Oppstart blir avklart med sekretariatet i samråd med leiar.

Utvalet forutset at Etne kommune v/kontrollutvalet deltek i prosjektet med ei 50/50 løysning.

Prosjektstart blei utsett til ei avklaring kring den økonomiske stoda til selskapet vart nærare avklara. Ny prosjektplan vart motteken frå KPMG 15.02.13. Det blei gitt klarsignal til KPMG i slutten av februar 2013 om at dei kunne byrja.

Revisor fekk difor noko kortare tid på seg enn fyst planlagd for å gjennomføra prosjektet. Sekretariatet vil likevel seie seg nøgd med det arbeidet som er lagt fram og gje ros til KPMG for godt arbeid innafor korte tidsfristar.

Mandat:

Føremålet var å undersøkje og vurdere selskapet sin vanskelege økonomiske situasjon. Følgjande problemstillingar er undersøkt:

1. *Korleis er den økonomiske situasjonen til Øyane Asvo AS p.t. og korleis har situasjonen utvikla seg frå 2009?*
2. *Kva er dei viktigaste årsakene til at selskapet er i ei økonomisk krevjande stilling?*
3. *Korleis har strategisk viktige avgjerder vore forankra i styre og hjå eigarane?*
4. *Kva form for analyse og konsekvensvurderingar har lege til grunn for strategisk viktige avgjerder?*
5. *Sett i lys av punkt 1-4; kva er dei viktigaste føresetnadene for å sikre ei økonomisk berekraftig drift av selskapet i framtida?*

Saksorientering:

KPMG v/ Øyvind Hauge Støle skriv i e-post den 30.04.13 til ordførarane og styreleiar (med kopi til rådmenna og sekretariat) følgjande:

KPMG oversender med dette høyringsutkast for forvaltningsrevisjonsrapport for Øyane Asvo AS.

Formålet med høyringa er todelt

- *Oppklare eventuelle faktafeil/misforståingar i rapportutkastet*
- *Gi eigarar og styreleiar moglegheit til å gi ein formell uttale til rapporten*

Med omsyn til punkt 1, ber vi om at kommunen tek kontakt og formidlar eventuelle innspel fortløpande og så raskt som mogleg, slik at KPMG kan vurdere justeringar. I denne konkrete saka ber vi og om at eigarar og styreleiar vurderar behov for å unnta informasjon som kjem fram i rapporten frå offentlegheita

Vi ber om eventuelle høyringsuttaler innan tirsdag 7. mai kl 12. Høyringsuttalene vil bli tatt inn i sin heilskap i den endelege rapporten som skal handsamast i kontrollutvala i eigarkommunane 13. (Etne) og 15. (Vindafjord) mai.

Styreleiar/ny daglig leiar sin høyringsuttale er innarbeidd i rapporten. Verken Etne eller Vindafjord kommune hadde særskilde kommentarar til rapporten.

Hovudbodskap i rapporten er:

Hovudfunn vert presentert samla for problemstilling 1 og 2, deretter for problemstilling 3 og 4. Under problemstilling 5 vert oppsummerande vurderingar og tilrådingar presentert.

Under problemstilling 1 og 2 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:

- Investering i nytt bygg og nye fasilitetar. Det blir peika på manglande avgjerdsgrunnlag og manglande styring.
- Økonomi/daglig drift. Det blir peika på fleira manglar, til dømes manglande kostnadsfokus, dårlig nytta maskin og bilpark, manglande oversikt og administrative rutinar, samt manglande informasjon til styre.
- Sårbarheit overfor konjunktursvingingar. Det blir peika på få og store kundar, og eit urealistisk prognosearbeid.

Under problemstilling 3 og 4 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:

- Eigarstyring. Det blir peika på at aksjeloven har i hovudsak blitt følgt. Det har vore lite fokus på eigenkapitalen. Hovudaksjonær burde vore ein meir aktiv eigar.
- Selskapsstyring. Det blir peika på at styret har i periodar ikkje følgt opp sitt ansvar. Avgjerdsgrunnlaget for investeringane i 2009 var mangelfulle. Etter 2011 har dette fungert noko betre.
- Administrativ styring. Det blir peika på at styringa av selskapet fram til 2011 ikkje var fullt ut i tråd med aksjeloven. Frå hausten 2011 har ein ryddeprosess betra situasjonen.

Under problemstilling 5 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:

- Pågåande oppryddingsprosess. Mange konkrete tiltak har blitt gjort. Særskilt tiltak for å styrke styringa og redusere kostnader.
- Rekneskapen viser framleis ein pressa situasjon. Kostnader og kortsiktig gjeld er betydeleg redusert.
- Revisjonen tilrår ein grundig økonomisk analyse av selskapet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kommunestyret og kontrollutvalet vedtar å be styret følgja revisjonen sine tilrådingar.

Det kjem fram av rapporten at det blir arbeidd med mange tiltak for å betre styringa og drifta av selskapet. Sekretariatet vil tilrå at det blir sett ein frist til styret om å gje ein tilbakemelding på status for arbeidet – fristen blir sett til 31.12.13.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Vindaffjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten om Øyane Asvo AS og vil be styre for selskapet arbeide vidare med revisor sine tilrådingar til betring av styring og drift av selskapet.

Styret blir bedd om å gje kontrollutvalet ein rapport om status for arbeidet innan 31.12.13

Aksdal, 08.05.13



Odd/Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.05.13	10/13
Kommunestyret	10.06.13	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	260	

RAPPORT FRÅ EIGARSKAPSKONTROLL – VINDAFJORD KOMMUNE

Saksvedlegg: Rapport frå eigarskapskontroll av Vindafjord kommune - frå KPMG AS

Bakgrunn:

I ny plan for selskapskontroll 2012-2016 for Vindafjord kommune var eigarskapskontroll av kommunen sine eigarinteresser eit av dei prioriterte prosjekta.

Kontrollutvalet starta hausten 2012 ein prosess med å gjennomføra ein slik eigarskapskontroll. Kommunen sin revisor KPMG utarbeidde ein prosjektplan etter vedtak i kontrollutvalet 21.11.12, sak 29/12. Utifrå prosjektplanen mottatt av sekretariatet 11.02.13 gjorde utvalet følgjande vedtak i møte 20.02.13, sak 05/13:

Kontrollutvalet i Vindafjord tingar ein eigarskapskontroll av Vindafjord kommune i fylgje vedlagte prosjektplan frå KPMG.

Mandat:

Føremålet er å undersøkje og vurdere korleis kommunen forvaltar sin eigarskap i selskap dei har eigarinteresser i. Følgjande problemstillingar vart undersøkt?

1. I kva grad følgjer kommunen opp at føremålet med eigarskapen blir ivaretatt?
2. I kva grad sikrar kommunen at selskapa si verksemd er i samsvar med dei vedtektsfesta føremåla?
3. I kva grad følgjer kommunen opp at selskapa driv forsvarleg, og i samsvar med lovar og reglar?
4. Har kommunen rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteressene?
5. I kor stor grad har eigarrepresentantane tilstrekkeleg kompetanse til å utføre sine oppgåver?
6. Har kommunen eit tilfredsstillande opplæringstilbod for styrerepresentantane

Saksorientering:

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet våren 2013. Rapporten har vore på høyring, og er nå verifisert.

Kommunenenes Sentralforbund (KS) har etablert et «Eierforum» som har utarbeida eit sett med anbefalingar for eigarskapsstyring. Revisjonen har nytta seg av desse anbefalingane som kontrollkriterium, saman med relevant lovverk.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:***I større grad markere og leggje til rette for ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga***

Vindafjord kommune si første eigarskapsmelding er eit godt utgangspunkt for å vidareutvikle eigarskapsstyringa, men ei tydeleg svakheit ved meldinga er at ho ikkje i tilstrekkeleg grad identifiserer og definerer kva som er viktigast for kommunen i eigarskapsutøvinga. Etter KPMG si vurdering er dette det viktigaste å fokusere på i samband med revisjon av meldinga.

Relevante forhold i denne samanhengen er:

- Kva er dei viktigaste selskapa for kommunen?
 - Kva vil kommunen med desse selskapa – kva er den konkrete strategien for utøving av eigarskapen?
 - Kva rutinar er viktigast for at kommunen sine mål skal kunne følgjast opp?
 - Er det nokon av tilrådingane frå KS-rapporten ein bør leggje mindre vekt på, på bakgrunn av Vindafjord kommune sine behov?
- Ved å spisse tilnærminga til eigarskapsutøvinga, vil kommunen kunne oppnå fleire gevinstar i den praktiske eigarskapsutøvinga:
- Det vil vere mogleg å følgje opp i praksis – ein legg ikkje opp til ein generell, omfattande oppfølging av alle sider ved eigarskapen
 - Ein får nytta ressursane meir føremålstenleg – mest ressursar til det som er viktigast
 - Ein får eit tydelegare grunnlag og eit klarare mandat til å utøve eigarskap

Bli tydelegare på val av selskapsform og kva konsekvensar det har for eigarstyring

Eigarskapsmeldinga har ei inndeling i ulike selskapsformer som er dels misvisande og dels upresis med omsyn til kva inndelingane inneber for styrings- og kontrollvilkår. Dette bør ryddast opp i ved neste revidering av eigarskapsmeldinga. Generelt bør kommunen vidareutvikle og styrke fokuset på sentrale vurderingar ved val av selskapsform – inkludert kva som er dei konkrete forskjellane i styringsmoglegheiter for kommunen som eigar.

Etablere enkle opplæringsrutinar for nyvalde styremedlemer

Det vert tilrådd å innføre enkle rutinar for opplæring og oppfølging av styrerepresentantar.

- Å utarbeide rutine for utdeling av relevant informasjon om selskap og kommunen sin eigarskapspolitikk i samband med oppnemning av nye styrerepresentantar
- Leggje til rette for overføring av kompetanse mellom avtroppande og påtroppande styremedlemer

For meir detaljar syner ein til sjølve rapporten.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjera vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i rapporten om eigarskapskontroll og tek denne til etterretning.
2. Vindafjord kommunestyre vil be rådmannen arbeide vidare med revisor sine tilrådingar for å vidareutvikle eigarskapsforvaltninga og framtidige eigarskapsmeldingar.
3. Rådmannen blir bedd om å gje kontrollutvalet ei orientering om arbeidet innan 01.07.14.

Aksdal, 08.05.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær